

Årsmelding 2016 for Alversund kammerkor

Styret 2016

Leiar:	Ragnhild Øverland Arnesen
Nestleiar:	Knut G. Johannessen
Kasserar:	Helge Øgaard
Styremedlem:	Christa S. Skanding
Varamedlemer:	Trygve Skanding og Lars Hjelmtveit

Dirigent Odd Leif Mjøs og begge varamedlemene har møtt på styremøta.

Styremøte

Sidan siste årsmøtet har styret hatt 9 ordinære styremøte, og 3 ekstra styremøte.

Dirigent, Helge og leiar har dessutan hatt ei rekkje møte med Alversund mållag i samband med konsertarrangement.

Aktivitetar:

Konsertar

2016 har vore eit særst aktivt år for koret. Det store vår-prosjektet var konserten «Grieg og folketonejazz» i Knarvik kyrkje 1. mai. Her hadde vi invitert jazzpianisten Dag Arnesen, som framførte eigne tolkingar av Grieg-stykke og kjende folketonar, åleine og saman med koret. På programmet stod og Griegs «Fire salmer for blandet kor og baryton, op. 74», som koret har hatt på repertoaret ein stund. Eit triveleg og vellukka samarbeid!

Både denne og neste konsert, som var «No stig vår song» - Salmekveld med Edvard Hoem, førte med seg eit «nytt» publikum i Knarvik kyrkje. Publikum hadde funne vegen både frå Åsane og Arna i tillegg til dei nære områda, og dei fekk ein stor kveld med forfattaren i storform og med dei vakre salmane hans. Konserten vart arrangert i

Koret har i år til fulle teke internett og facebook aktivt i bruk.

Leiarer har teke del i årsmøtet til Lindås kulturråd.

Koret har levert utsegn i samband med høyring om betalingsregler for utleige av Lindås kyrkjelege fellesråd sine bygg.

Det er vedteke ny kortur i 2017. Turen skal gå til Ely-området i England. Påmelding er klar, og turen er bestilt.

18.01.2017

Ragnhild Ø. Arnesen

Leiar